

Tenesterapportering pr mai 2015 med oppdatert prognose.

alle tal i heile 1000 kr

Teneneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.05.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
10 POLITIKK / RÅDM. KONTOR	17 193	8 015	9 178	46,6	17 193	-	46,5% forbruk per 31.05.er noko høgt. Dette har delvis samanheng med at fleire store innbetalingar er gjort for heile året. Isolert sett er faste løner inkl. avsette midlar til lønstillegg 2015 for lågt budsjettet. Fast løn communal ligg på 48% og løn tillitsvald undervisning ligg på 49%, medan normalt forbruk på faste løner etter 5 mnd drift er 46,1%. Det skal også gjennomførast kap. 5-forhandlingar for 2015, desse har verknad f.o.m. 01.05. og det står att 1 kap. 3-forhandling. Det fleste utgiftene innan ansvarsområda 100 - 111 er bundne utgifter, og det er svært lite handlingsrom for å ta inn lønsavvik på driftspostane. Normal driftssituasjon, ikke sjukefråvær. Førebels reknar ein likevel med at ein skal kunne kome i mål innanfor ramma for tennesteområdet.
11 ØKONOMI-KONTOR	8 540	2 912	5 628	34,1	8 540	-	Økonomikontoret reknar med å kome ut innanfor ramma for 2015. Store utfordringar i samband med ein tilsett som har slutta og ein som kjem til å slutte i løpet av juli. Det krev tid og ressurser med nytelsetjing og opplæring av desse. Har auka ressursbruken på innkjøp og løn for å klare gjennomføring av sentrale arbeidsoppgåver, som betre oppfølging av sjukepengerefusjonar. Manglande oppfølging av innkjøp det siste år er i ferd med å påføre oss ekstra utgifter og vi risikerer i fleire saker å ikkje kunne følgje innkjøpsregelverket om vi ikkje set meir fokus på denne funksjonen. Omrioriteringa vil gå ut over ressursar til budsjettarbeid, økonomistyring og rekneskapsoppfølging. Det vert ein svært krevjande haust. Det er stor trøng for auke i bemanninga for å gjennomføre naudsynte oppgåver.
12 ØKONOMI / FINANS	-404 000	-184 410	-219 590	45,6	-403 300	-700	Skatteinngongen og rammetilskot ser ut til å vert kr 700.000,- lågare enn estimert grunna lågare folketal pr 1.1.2015 enn rekna med i budsjettet for 2015, og nasjonal skattesvikt i 2014 og 2015 som ikkje vert fullt ut dekka inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Budsjettet innsparing av renteutgifter på kr 400.000,- i fare som følgje av manglande ressurser hjå økonomikontoret til å iverksette endringar i låneporleføljen. Netto avvik kr 700.000,- på dette området.
13 INTERKOMM. IKT OG BRANNVERN	13 020	5 268	7 752	40,5	13 020	-	Ingen forventa avvik så langt.
14 RÅDGJEVAR-TENESTE	9 182	2 785	6 397	30,3	9 182	-	Ingen forventa avvik så langt.

Teneneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.05.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
15 Private barnehagar	74 291	33 047	41 244	44,5	74 291	-	<p>Tilskot til private barnehagar for 1. halvår 2015 er utbetalt og kostnadsført. Tilskotssatsane for 2015 vert noko lågare enn rekna med i budsjettet, og vi venter noko innsparing som følge av dette. Resttilskot for 2014 (ca kr 3,1 mill) vert utbetalt i juni. Då vil vi og arbeide med å få tall for syskjenmoderasjon på plass. Det vil verte betalt ut 5 mill. etter søknad frå barnehagane om ekstrabevilgning i slutten av juni.</p> <p>Den største usikkerheten er knytt til betaling for born frå andre kommunar som er i barnehagane i Meland, og motsatt. Bergen har gjeve melding om at dei ikkje vil sende krav før sommaren, og Lindås veit ikkje når dei sender ut. Vi fekk i 2014 eit stort budsjettavvik på denne posten, men reknar med å kunne dekke evt. meirforbruk her innanfor ramma for tenesteområdet.</p> <p>Det er auke i born med vedtak knytt til spesielle behov i barnehagane, og det er i arbeid nye oppmeldingar hjå PPT.</p>
19 PPT	1 987	926	1 061	46,6	1 987	-	Ingen forventa avvik så langt.
20 Kommunal Barnehage-drift	6 120	2 494	3 627	40,7	6 120	-	Ingen forventa avvik så langt.
21 GRASDAL SKULE/SFO	10 735	4 899	5 836	45,6	10 735	-	Ingen forventa avvik så langt. Vi må arbeide meir med kostnadsnivået i SFO. Det er venta 20 nye barn frå august og vi har lagt inn 50% auke i assistentstilling i budsjettet. Assistent tilsett fram til sommeren for å avhjelpe i klasse med utfordringar.
23 MELAND UNG.SKULE	18 108	8 055	10 053	44,5	18 108	-	Ingen forventa avvik så langt. Noko forventa innsparing for året totalt som vert motrekna mot meirforbruk på Vestbygd skule.
24 ROSSLAND SKULE /SFO	22 709	10 651	12 058	46,9	22 709	-	Rekneskapen så langt ihht budsjett. Ser auka behov for spesialpedagog og assistent ut over det som er budsjettert for, men reknar førebels med at vi klarer å halde budsjettrammene.
25 SAGSTAD SKULE/SFO	26 153	11 839	14 314	45,3	26 153	-	Ingen avvik så langt. Skulen har budsjettrammer til tre 1. klasser neste skuleår. Vi har pr. i dag 62 elevar som skal starte i 1. klasse. Av dei skal 32 ha nynorsk og 30 bokmål. Vi må derfor ha 4 klassar neste år. Foreløpig berekning tilseier at vi treng ei 80% lærarstilling og 50% assistent ut over budsjettramma frå hausten 2015. Førebels ser det ut til at ekstrakostnaden vert dekka inn av auka refusjonsinntekter.
26 VESTBYGD SKULE/SFO	14 060	6 698	7 362	47,6	14 360	-400	Ingen avvik så langt. Har likevel auka behov for timer til elevar med spesielle behov, berekna til totalt kr 700.000,- frå hausten 2015. Det er ikkje mogeleg å dekke dette innanfor tildelt ramme. Overføring frå Meland Ungdomsskule dekker deler av meirkostnaden, rest kr 400.000,- må dekkest på anna vis.

X

Teneneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.05.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
30 HELSE	24 215	10 558	13 656	43,6	24 215	-	<p>Lokaliteter er generelt største utfordring, og legger noko begrensningar på effektiv drift. Nytt tiltak i år, oppstartskostn. nasjonalt nødnett, budsjett i år kr 238.000, kan verte utsett, slik at nokre av desse utgiftene ikkje kjem før neste år.</p> <p>Helsestasjon: Det er gjort tilsetting i vedteke nytt årsverk.</p> <p>Fysioterapi: Ny 50% privat driftshjemmel lyst ut og tildelt. Fortsatt 2 årsverk under snitt i kommune-Norge, kommuneplanen krav stettes ikke. Lokaler ikke avklart, jobber med løsninger.</p> <p>Psykisk helse: Eit årsverk innan rusvern tilsett i januar 2015 på engasjement, finansiert med tilskot frå fylkesmannen.</p> <p>Legetenesta: Noko listeøkning på på ei liste, dekker truleg behov / folkevekst dette året, men mangler ein plan for å dekke kommunen sine forpliktingar kommande år.</p> <p>Alltid ein viss usikkerhet rundt ein del driftsinntekter, men tenesteområdet samlet sett ser ut til å komme ut innanfor budsjetttrammene.</p>
35 SOSIALE TENESTER INKL. FLYKTN.	11 801	4 809	6 992	40,8	11 801	-	Ingen forventa avvik så langt.
36 BARNEVERN	9 297	4 210	5 086	45,3	9 297	-	Budsjetttramma ser ut til å kunne bli knapp i år grunna nye komplekse saker som er kome opp. Må koma tilbake til dette når vi har betre oversyn over situasjonen og forventa utvikling framover i året.
37 MELAND SJUKEHEIM	38 011	15 163	22 847	39,9	38 011	-	Frå nyttår 2015 har det vore i drift 38 plassar ved Meland Sjukeheim. I tillegg har det vore overbelegg med 1-2 pasientar på korttidsavdelinga. Vi har hittil i år hatt fleire vakante stillingar og i fleire av desse vert det tilsetjing frå mai/juni 2015. Ny logoped starta 1. mai 2015. Samla sett ligg ein innanfor budsjettetramma pr utgongen av april. Det kjem ein del innkjøp / større utgifter i mai 2015. Samla sett ligg ein så langt innanfor tildelt ramme for 2015.
38 MELAND HEIME-TENESTER	57 487	24 307	33 179	42,3	57 487	-	Samla sett ligg heimetenestene etter 5 mnd bra ann i høve budsjett, med forbruk 42%. Reelt sett er det noko mindre då vi har etterslep på inntekter både i høve sjukefråvær og ressurskrevande tenester. Vi brukar fortsatt ekstravakter på dagtid i helgene. Overtidsforbruket er fortsatt høgt, men noko mindre den siste mnd då vi har fått fleire vikarar, og ikkje så stor arbeidsbelastning i avdelinga.
50 KULTUR-KONTOR	7 705	2 690	5 015	34,9	7 705	-	Ingen forventa avvik så langt.

Teneneste-område	Budsjett 2015	Regnsk. pr 31.05.15	Rest budsj. 2015	Påløpt % av bud.	Progn. 2015	Avvik rev. budsj. - progn.	Kommentar:
60 PLAN, UTBYGGING OG KOMMUNAL- TEKNIKK	27 986	9 970	18 016	35,6	28 736	-750	Kommunen får ekstra advokatutgifter til rettsak (kr 300 000,-). På inntektssida er gebyrinntektene svakere enn periodiseringa skulle tilseie; 33 % mot forventa 42%. Det er usikkert om nivået vil ta seg opp resten av året. For husleigeinntektene sin del, er budsjettet for 2014 vidareført. Dette er for høgt, inntektene kjem truleg til å vere rundt 850 000,- mindre enn budsjettet. Ein del årsavgifter / halvårsavgifter er betalt. Vinterberedskapen på veg trekkjer opp det prosentvise forbruket. For vatn- og avlaup sin del er den første avgiftsterminen fakturert ut. Det er elles noko avvik i lønsbudsjettet. Førebelts prognosene at avvika vil kunne bli dekka ved justeringar innanfor ramma, med unntak for svikt i husleigeinntektene, forventa meirforbruk totalt på kr 750.000,-. Vi må dessutan justere vedlikhaldsnivået på bygg og anlegg for å komme i mål innanfor dette.
Resultat/avsetn. til disp.fond (minus betyr overskot)	-5 400	-15 112	9 712		-3 650	-1 850	Budsjettet med overskot / avsetn. til disp. fond for 2014 på kr 5,4 mill. Førebelts forventa budsjettavvik som følge av reduksjon i skatt- og rammetilskot, samt auka ressursbehov på på Vestbygd skule og lågare husleigeinntekter enn budsjettet på PUK. Elles melder Barnevernet og Rossland skule om utfordringar med å halde seg innanfor rammene.